



## Vekeplan for 6. steg veke 34



|                       |                | <b>MÅNDAG</b><br><b>21.8.</b> | <b>TYS DAG</b><br><b>22.8.</b> | <b>ONSDAG</b><br><b>23.8.</b> | <b>TORSDAG</b><br><b>24.8.</b> | <b>FREDAG</b><br><b>25.8.</b>               |                                |
|-----------------------|----------------|-------------------------------|--------------------------------|-------------------------------|--------------------------------|---|--------------------------------|
|                       |                |                               |                                |                               |                                |   |                                |
| 1                     | 08.50<br>09.35 | <b>Oppstart</b>               | <b>Faddersamarbeid</b>         | Norsk<br>Leselyst             | <b>Forfatterbesøk</b>          | Felles tur til<br>Flotande<br>for 1.-7.steg |                                |
| 2                     | 09.35<br>10.20 |                               | Blåbærtur i<br>nærområdet      | Norsk<br>Leselyst             |                                |   |                                |
| 3                     | 10.35<br>11.30 |                               |                                | Krle<br>Etikk                 |                                |   |                                |
| 4                     | 12.00<br>12.45 | <b>Uteaktivitet</b>           |                                |                               |                                |   | <b>Matte</b><br>Tal og rekning |
| 5                     | 12.45<br>13.30 |                               |                                |                               |                                |   |                                |
| 6                     | 13.45<br>14.30 |                               |                                |                               |                                |   |                                |
|                       |                | Leksehjelp<br>14.30-15.30     |                                |                               | Leksehjelp<br>12.45-13.45      |   |                                |
| <b>MATTE</b>          |                |                               |                                |                               |                                |   |                                |
| <b>ENGELSK</b>        |                |                               |                                |                               |                                |   |                                |
| <b>ØVEORD/UTTRYKK</b> |                | Finn tydinga på desse orda:   |                                |                               |                                |   |                                |
| <b>NORSK</b>          |                |                               |                                |                               |                                |   |                                |



| Tema og mål i faga       |   |
|--------------------------|---|
| <b>Tverrfagleg tema</b>  | <b>Folkehelse og livsmeistring</b>  |
| <b>Norsk</b>             | Bruka ulike lesestrategiar tilpassa dei ulike tekstane me les                                 |
| <b>Matematikk</b>        | Repetisjon av addisjon og subtraksjon, tallinje og oppstilling. Meistra halvering og dobling. |
| <b>Engelsk</b>           | Innlede, holde i gang og avslutte samtaler om egne interesser og aktuelle emner.              |
| <b>Naturfag</b>          | Stilla spørsmål og laga hypotesar, skriva rapport   |
| <b>Samfunnsfag</b>       | Reflektera rundt kvifor konflikter oppstår og korleis me kan løysa dei.                       |
| <b>Kroppsøving</b>       | Nytta nærmiljøet til aktivitet og samspel i lek   |
| <b>KRLE</b>              | Reflektera rundt etiske dilemma   |
| <b>Kunst og handverk</b> | Dekorera klasserom  |
| <b>Musikk</b>            | Utforska og formidla musikalske opplevingar og erfaringar                                     |
| <b>Mat og helse</b>      | Utforska ulike smakar   |

## Meldingar til heimen

Velkommen til nytt skuleår!



Bjørn er delvis sjukemeld, og me ynskjer Håvard velkommen som vikar for Bjørn i denne perioden.

Dei to første vekene er sosialveker ved skulen. Det vert ikkje lekser desse vekene. Då er fokus godt skulemiljø, og å jobba med relasjonar og godt klassemiljø.

Måndag startar me dagen klokka 8.50 i amfiet, før me går til klasserommet. Me har planar om å ha uteaktivitetar dei tre siste timane.

Tysdag er det blåbærtur i nærområdet med fadderungane, og ulike fadderaktivitetar på skulen når me kjem tilbake. Ta med noko å plukka litt blåbær i (viss me finn noko 😊). Pakka mat og drikke i tursekken og hugs høvelege klede og sko til tur.



Onsdag vert det jobbing på skulen.

Torsdag vert det forfattarbesøk og ulike aktivitetar i lag med fadderborna i samband med det.

Fredag vert det fellestur for heile skulen til Flotande. Då pakkar de igjen tursekken med mat og drikke, og møt i høvelege klede og sko til å gå på tur. Det er lov med ein liten tursjokolade utan nøter denne dagen 😊

Håvard, Bjørn og Torunn Gro